

## Kongeleg besøk i Odda og Tyssedal!

18. juni 2019 kom HM kong Harald V og HM dronning Sonja på offisielt besøk til Hardanger og Odda.

Dette er fyrste gong kongeparet vitjer Odda offisielt, sjølv om dronninga ofte er i Hardanger privat. Dei kongelege valde å invitere gjester til ein privat middag i kraftstasjonen i Tyssedal.

Det er liten tvil om at dei var imponerte over dette monumentet over norsk vasskrafthistorie.

Tyssedal Hotel serverte framifrå treretters middag og underhaldninga sørga den lokale musikalstjerna André Søfteland for.

Sjå fleire foto på side 4 i bladet.



Foto: H. Hognerud

Årets juleverkstad laurdag  
30. november kl. 11-14

## Sauda lokalarkiv

Kraftmuseet, ved Svein Jåstad og Siri Jordal har fått i oppdrag å føreslå lokale for Sauda lokalarkiv, som etter kvart skal bli ein del av Ryfylkemuseet. Valet har stått mellom to bygg; den flotte Sauda III kraftstasjon i «art deco» stil, og administrasjonsbygget til Sauda smelteverk AS, kalt «Fleskekassen» lokalt. Kraftmuseet har vore på synfaring begge stader og tilrår adm.bygget.

Sauda III vil verta freda, og maskinhallen skal stå som han er. På baksida av stasjonen er det ein del små rom i fire etasjer som kan gjerast om til arkivlokale.

«Fleskekassen» er lettare å rehabilitera til arkivføremål med universell utforming. Ein vil også få større areal til ein lågare pris, og god effekt av rasjonell arbeidsgang. Rapporten og ein førebels kalkyle skal leverast no i oktober.



**Sauda III** Foto: Siri Jordal Kraftmuseet «Fleskekassen» - Administrasjonsbygget. Foto: saudaibilder.net

## IKAH leiger arkivplass

Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) skal leige lokale i Industriarkivet for tre år. To personar, Monica Eidsvik frå Kin-sarvik og Anne Grete L. Eikeland skal samla og avslutta arkiva etter dei tre kommunane Jondal, Ullensvang og Odda.

IKAH leiger eitt kontor og 100 hyllemeter i magasin. Dette blir gode inntekter for Industriarkivet, og ikkje minst får vi to kollegaer till! Vi gler oss til dei skal starte no i oktober.



# Drypp frå Kraftmuseet sitt arkiv

Frå november 2019 vil Kraftmuseet koma med drypp frå arkiva kvar fyrste onsdag i månaden.

Arrangementet er på dagtid, og finn stad i Buen i museumshagen i Folgefonngata. Det vert eit nytt tema kvar gong, med bilder og historie, kåseri eller foredrag. Det vil også bli sal av kaffi og vafler av museet sitt vennelag «Kraftmuseets Venner».

Billett kostar kr. 50, og det lønner seg å koma tidleg, då det er begrensa plass.

Medlemmer av Kraftmuseets Venner kjem gratis inn. Sjå aktuelle annonser på nett for meir informasjon.



## Ny medarbeidar

I april tilsette Kraftmuseet Guro Kvalnes frå Kvalnes i Ullensvang. Guro jobbar no i prosjektarbeid opp mot NVE og faglege nettverk, og har også oppgåver knytt til formidling. Guro er utdanna litteraturvitar, og har bakgrunn mellom anna som journalist i NRK. Før ho kom til Kraftmuseet, arbeidde ho hjå Det Norske Samlaget som marknadskonsulent for barne- og ungdomsbøker.



## Meir musikal i Lindehuset!

I mai 2020 vil Oddakonsertane og Gunn Gravdal Elton sette opp att musikalen Albert og Leonie i Lindehuset.

Då vert det eit gjensyn med ingeniøren og gründeren av det moderne Odda, Dr. Albert Petersson og hans store kjærleik Leonie.

Musikalen vart vist i april 2019 og var ein stor suksess med om lag 2000 besøkande. Allereie no er fleire hundre billetter selde til den nye framføringa.





Kongeparet steig i land i Odda sentrum. Om kvelden var det middag i kraftstasjonen Tysso 1.

HM dronning Sonja hadde fylkesmann Lars Sponheim og direktør ved Kraftmuseet, Knut Markhus til bords. HM kong Harald kom med ordførar Roald Aga Haug.



## Frå anleggstida

Arbeidskarane Finberg og Stor-Ola hadde stole eit par ganske store kassar med koppar frå kraftanlegget i Tyssedal.

Dei hadde klart å få kassane transportert ut på kaia, men i det same dei ville lempa dei om bord i båten, kom politiet og arresterte begge to. Dei hadde vorte melde av kona til Stor-Ola. Rettssaka enda med at Stor-Ola vart dømd til nesten to års fengsel fordi han hadde litt på samvittigheita frå før, medan Finberg gjekk heilt fri.

Medan Ola satt i fengsel leverte kona inn skilsmissepapira, noko Ola ikkje tok så tungt. Ikkje lenge etterpå var Finberg gift med ekskona til Ola. Då Ola fekk høyra om detta giftermålet meinte han at det var nok Finberg som hadde fått den verste straffa likevel.

*Olaves Steinpokker*



## Ny utstilling i Kraftstasjonen

Kraftmuseet arbeider saman med NVE og designbyrået GARP om å lage ei utstilling som skal stå i nordenden av kraftstasjonen Tyssø 1.

## Vår herre fekk attest

Ein gardbrukar oppi Oddadalen hadde dyrka og stelt garden så fint at han fekk diplom frå fylket. Ein delegasjon frå kommunen drog opp, og presten Sortland stod for utdeling av medalje og diplom. Han skrytte av kor velstelt garden var og meinte at Gud hadde nok stødd opp om dette.

Heidersmannen sa då: «*Du sku sitt korleis da såg ut i dan tide Vårherre dreiv på aleina!*»


Frå OIMM nr. 16



## Smilet ditt.

Det var godt  
å gi gaven,  
som jeg har gjemt  
til den dagen,  
da jeg visste  
at øynene dine  
ville stråle,  
når du pakket  
den ut.  
Jeg ga den  
for å se gleden  
i øynene dine.

Og smilet ditt,  
som jeg elsker.  
VV.



Utstillinga skal vise ei tidslinje over norsk vasskraft frå byrjinga til i dag. Planen er at utstillinga skal opna for publikum i løpet av våren 2020.

## STUDIETUR, reisebrev

Søndag 25. august var dagen for den årlige studieturen til Kraftmuseets Venner. Målet for turen var Eidfjord, og temaet var

- 1) besøk på utsiktsplassen over Vøringsfossen
- 2) besøk på Norsk Natursenter
- 3) besøk på Galleri Bergslien

Utsiktsplatået ved Fosslia var rett og slett imponerende og helt til å miste pusten av! Og en kikk over gjerdet og ned mot fossen, som har et fritt fall på 182 m, kan sende kalde ilinger gjennom noen og hver! Her har Eidfjord kommune gjort et imponerende stykke arbeid!

### Norsk Natursenter- Hardanger

Dette er et skikkelig opplevelsessenter som viser dyre- og fugleliv på vidda, fisk i akvarier og utrolig flotte fotomontasjer. Selvfølgelig hadde elektronikken gjort sitt inntog her også: Man kunne trykke på knapper og få fram det meste som handlet om jordas historie og utvikling, og dessuten få tekst eller kommentarer på mange fremmede språk.

Ja, turister vrir det av, og det var ikke fritt for at vi gikk i kø.

I senterets kinosal fikk vi se Ivo Caprinos spektakulære panoramafilm "Fjord Fjell Foss". En fantastisk opplevelse.

Etter å ha inntatt et fortreffelig måltid på restauranten, trillet bussen mot siste mål, som var Galleri Bergslien.

**Galleri Bergslien** er et flott utstillingslokale som virkelig lar Nilse Bergslien sine underfundige og nasjonalromantiske bilder komme til sin rett. Men vi må ikke glemme at på Tyssedal Hotell finnes også ganske mange malerier av Nils Bergslien.

Vi var igjen så heldige at vi hadde Vidar Våde med oss, og han er et oppkomme av historier. Vanligvis pleier vi å ha hans innslag ved bordet, men det lot seg ikke gjøre denne gangen, så vi fikk det på hjemturen i bussen i staden. Han leste historien om Brakkebyen i Tyssedal, og den gir anledning til refleksjoner om før og nå, både på godt og vondt.

Vi hadde virkelig værgudene med oss denne augustsøndagen, sola skinte og sommervarmen kom tilbake. Dette satte vi 40 som var med på turen, stor pris på.

Til slutt var vi nesten "mætt ta 'kultur'", som de sier på Hedmark og overlot ansvaret til vår rolige og sindige sjåfør, Per Ystanes. Ikkeno' rykk og napp og panikkjøring der i gården selv om rv 13 er et mareritt.

Tusen takk til Bjørn Seim og Vidar Våde for er flott turopplegg!

Ingunn Eitrheim (red.anm.: resten av reisebrevet kan leses på [www.kraftmuseet.no/kraftmuseetsvenner](http://www.kraftmuseet.no/kraftmuseetsvenner))



Foto: Ingunn Eitrheim

# Besøksstatistikk på Kraftmuseet

Arena	2019	2018
Tysso 1 / Lilletopp	12 222	12 992
Kraftlaben	5294	5274
Arbeidarboligane	78	320
Smio	505	606
Kraftstova	321	987
Andre/ Lindehuset	5615	862
<b>Totalt</b>	<b>24 035*</b>	<b>21 041</b>

\*Fram til 1. nov. 2019



Foto: H.Hognerud, D-E Opedal, A. Gravdal, G.Kollbotn

Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

## Verv medlemmer til vennelaget!

Som medlem får du gratis inngang for deg, og den neraste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære opningstid. Du kan delta på Vennelaget sine årlege turar og arrangement.

Bladet Liv og Rør kjem i posten med informasjon frå Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtte stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum/Kraftmuseet. Bli med i Kraftmuseets Venner og arbeid for eit godt museum for Odda og Tyssedal, for vasskrafta og prosessindustrien og deira bidrag til byggjinga av det moderne Norge!

Kraftmuseets Venner har også eiga facebook-side! Om du har lyst til å like oss, finn du sida her:

[www.facebook.no/kraftmuseetsvenner](http://www.facebook.no/kraftmuseetsvenner)  
[www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)



### Kontingentsatsar:

Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familiar:	kr	200
Foreningar og lag:	kr	300
Bedriftar, skular, osb.:	kr	1 000

Kontakt: Leiar Bjørn Seim  
E-post: [bjoesei@online.no](mailto:bjoesei@online.no)  
Tlf.: 957 53 764

Kasserar: Eva Strand Brattespe  
E-post: [eva.brattespe@kinsarvik.net](mailto:eva.brattespe@kinsarvik.net)

På nettsida **[www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no)** kan du leite gjennom Kraftmuseet sine omlag 16000 historiske fotografier! Finn du eit foto du kunne tenke deg å ha, tek du kontakt med fotoavdelinga [siri@kraftmuseet.no](mailto:siri@kraftmuseet.no) for tinging.

**Digitalt**Museum

## Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar: kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: [post@kraftmuseet.no](mailto:post@kraftmuseet.no) - 53 65 00 50



[www.kraftmuseet.no](http://www.kraftmuseet.no), [www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)